



Ålfotbreen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Trondheim, 12.02.2016

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2016/1058

Sakshandsamar:  
Bjørn Arne Næss

## Oppnemning av representantar til Ålfotbreen verneområdestyre for perioden 2016 - 2019.

Miljødirektoratet fekk i brev av 20. oktober 2015 frå Klima- og Miljødepartementet delegert mynde etter naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum til å bestemme at eit særskild oppnemnt organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfaldlova kapittel V. Myndet gjeld i tillegg oppnemning av eventuelle nye styre og re-oppnemning av styremedlemmer til eksisterande styre, samt godkjenning av forvaltningsknutepunkt.

Kommunane og fylkeskommunane har etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 innstilt nye representantar til verneområdestyret.

Utifrå forslaga vi har fått på medlemmer og vararepresentantar utnemner vi med dette nytt styre:

For Gloppen kommune: Hege Lothe	personleg vara: Per Rune Vereide
For Bremanger kommune: Audun Åge Røys	personleg vara: Marius Strømmen
For Flora kommune: Jan Henrik Nygård	personleg vara: Trine Hovland
For Sogn og Fjordane fylkeskommune: Gunn Sande	personleg vara: Harald Bjarte Reite

Ved oppnemninga er det tatt omsyn til krava i Lov om likestilling mellom kjønna.

Forvaltar kallar inn til det første konstituerande møtet i verneområdestyret. Møtet bør haldast raskast mogleg. Styret vel då leiar og nestleiar.

Vi ber forvaltar om å informere medlemmer og vararepresentantar.

Miljødirektoratet kan, dersom det er ønske om det, bidra med opplæring for det nye styret.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Berit Lein  
Avdelingsdirektør

Olav Nord-Varhaug  
seksjonsleder

Kopi til:

Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	Sandane
Bremanger kommune	Boks 104	6721	Svelgen
Flora kommune	Boks 13	6901	Florø
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863	Leikanger
Alf Erik Røyrvik			